



Konkurransesgrunnlag for skjøtsel av kulturlandskap, Nærøyfjorden landskapsvernområde

1. Oppdraget gjeld

Nærøyfjorden verneområdestyre inviterer interesserte leverandører til å delta i konkurranse om skjøtsel av kulturlandskap i Nærøyfjorden landskapsvernområde.

Arbeidet som skal utførast er slått av urterik slåttemark, høgstaude slåttemark og restaurering av slåttemark og open beitemark.

Det skal skrivast sluttrapport etter arbeidet er utført, der det kjem fram kva område som er slått (markert på kart), og bilde frå før og etter slått/rydding.

Skjøtselsråda i kapittel 4 i skjøtselsplan for Stokko (sjå under overskrifta Stokko) er rettleiande for arbeidet på alle områda, og skal så langt som mogleg fylgjast. Plantemateriale etter slått og rydding skal leggjast på ein eigna plass i utkanten av slåttemarka. Graset skal ikkje vera skjemmaende i landskapet, eller gje gjødselseffekt på slåttemarka. Plantemateriale skal samlast i ei skråning i terrenget i god avstand frå tun, turstiar og utsiktspunkt.

Områda som er med i denne utlysinga er prioriterte område på Nedbergo, Stokko og Nåli. For arbeidet på Nedbergo og Stokko må leverandør ha tilgang på båt. Det må reknast med gangtid til kvart område.

Nedbergo

[Skjøtselsplan Nedbergo](#) Omlag 10 daa slåttemark.

Kartet viser prioriterte område for slått: <https://www.fylkesatlas.no/share/3f84003d309b>

Stokko

[Skjøtselsplan Stokko](#). Slått på Stokko Øvre, Øygarden sør og Dorganes. Det er ikkje avklart om det er finansiering av slått på alle teigane. Slåtten vil vera omlag 5 daa slåttemark (Naturtype urterik slåttemark).

Kart over aktuelle område for slått: <https://www.fylkesatlas.no/share/46f858cc1088>

Nåli

[Skjøtselsplan for Nåli](#). Område 1, 2 og 3 i skjøtselsplan (kap. 4.1 og 4.2): Omlag 8 daa.

Område 1: Rydding av alle tre, og mekanisk rydding av vegetasjon. Dette området skal restaurerast tilbake til slåttemark. Det er ikkje avklart om det er finansiering av alle områda.

Område 2: Rydde enkelt tre. Få fram utsikt mot Stalheim.

Område 3: Rydde enkelt tre, prioritera utsikt mot Jordalsnuten.

Kart over prioritert område for skjøtsel <https://www.fylkesatlas.no/share/0c76095a200f>



1.1 Om oppdragsgjevar

Nærøyfjorden verneområdestyre er forvaltningsstyresmakt for Nærøyfjorden landskapsvernområde, Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, Bleia naturreservat, Nordheimsdalen naturreservat, Grånosmyrane naturreservat og Geitanosi naturreservat. Du kan finne meir informasjon om Nærøyfjorden verneområdestyre på www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden

Oppdragsgjevars kontaktperson:

Anbjørg Nornes, verneområdeforvaltar

E-post: anbjorg.nornes@statsforvalteren.no

Tlf: 57643129

1.2 Tidsplan

Feltarbeidet skal gjennomførast sommaren 2024 og rapport leverast innan 30. november 2024. På Stokko og Nedbergo skal slåttan gjennomførast i slutten av juli eller seinare på sommaren. I Nåli kan arbeidet starta i juni.

1.3 Generelt om leveransen

Skjøtselområda ligg i område som er verna i medhald av naturmangfaldlova. Arbeidet krev difor særleg omsyn til terreng, vegetasjon og verneverdiar. Leverandør må fylgja alle reglar, føringar og pålegg som det fører med seg.

Områda er utan vegtilkomst. Til Stokko og Nåli er det opparbeida enkel sti frå bilveg. For å komme til Nedbergo må ein ha båt for å komme til stistart, og gå stien opp til Nedbergo (ca. 530 moh). Det kan ikkje nyttast køyretøy på stiane. Arbeidet må gjerast manuelt ved bruk av ljå, slåmaskin og rive. Slåmaskin som står på Nedbergo og på Stokko kan brukast til slåttan. Slåmaskinene er relativt små, med kniv med ca 90 cm breidde. Slåmaskina på Stokko må fraktast med båt mellom slåtteteigane. På Nåli er det ikkje slåmaskin. Her må arbeidet utførast med kantklyppar, ljå og liknande.

Utanom tilgang på slåmaskinene som er nemnt, må Leverandør ha tilgang til naudsynt manuelt slåtteutstyr, og tilgang til båt for transport til og frå Nedbergo og Stokko.

I vurderinga av tilboda, vert det lagt vekt på miljøomsyn, t.d. type utstyr, transportmetode og miljøprofilen til verksemda. Kantklyppar med kniv og ikkje plasttråd, er døme på miljøomsyn som vert lagt vekt på.

Leverandør held sjølv utstyr og reiskap, og har ansvar for eigen transport, kost og losji.

Det kan leverast tilbod på eit eller fleire av områda.

1.4 Kontraktsverdi

Det er estimert at den totale kontraktsverdien av tilbodet er på rundt 100 000 kroner ekskl. mva.

Timepris skal inkludere alle driftsutgifter, også reisekostnadane til og frå Stokko, Nedbergo og Nåli.



1.5 Kontrakt

Avtaleforholdet vil bli regulert av Kontraktdokument med vedlegg.

2 Krav til arbeidet og tildelingskriterier

2.1 Kvalifikasjonskrav

Krav til leverandøren:

- Leverandøren må kunne dokumentere erfaring frå slått av slåttemark og skjøtselsarbeid med rydding av slåttemark og beite.

2.2 Dokumentasjonskrav

Leverandør skal legge ved

- referansar frå tilsvarande arbeid med slått og skjøtsel av kulturlandskap.

2.5 Tildelingskriterium

Tilboda vert vurdert ut i frå ei heilskapleg vurdering av pris, løysingsforslag og framdriftsplan. Oppdragsgjevar vel tilbod på grunnlag av det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på fylgjande kriteriar:

Tildelingskriterier	Vekt	Dokumentasjon
Timepris	50	Tilbod skal leverast med timepris, inklusiv alle kostnader. Det kan gjevast tilbod på eit eller fleire av områda.
Løysingsforslag med framdriftsplan og miljøomsyn.	50	Plan for korleis arbeidet er tenkt løyst (tidsbruk for slått, raking og skogrydding, plan for slåttarbeidet og utstyr). Gjer greie for korleis verksemda tek omsyn til miljø og klima i sin aktivitet.

3 Reglar for gjennomføring av konkurransen

3.1 Anskaffingsprosedyre

Konkurransen vert regulert av lov og forskrift om offentlige anskaffelser. Denne anskaffelsens anslåtte verdi er under den nasjonale terskelverdi på kr 1 300 000 ekskl. mva. og er fritatt frå kunngjeringsplikta. Konkurransen blir gjennomført etter forskriftens alminnelige reglar (del I) og dei reglane som følgjer av dette konkurransegrunnlag.

3.2 Forenkla kunngjering

Konkurransen er sendt ut til minst 3 leverandørar og offentleggjort på verneområdestyret si nettside og facebookside.



3.3 Krav til levering av tilbudet

Tilbudet skal sendast til Nærøyfjorden verneområdestyre på e-post sfvlpost@statsforvalteren.no og merkast «Tilbod om skjøtsel av kulturlandskap, Nærøyfjorden landskapsvernområde».

Tilbodsbrief skal innehalde fylgjande:

- Verksemda sitt namn
- Adresse
- Verksemda sitt organisasjonsnummer
- Kontaktperson med e-postadresse og telefonnummer
- Eventuelle atterhald skal gå klart fram av tilbodsbriefet.
- Dokumentasjon på kvalifikasjonskrav
- Dokumentasjon på tildelingskriterier.

4.4 Tilbodsfrist

Frist for å komme med tilbud er **14. mai 2024 kl 24.00**.

Spørsmålsfrist er **8. mai 2024**. Eventuelle spørsmål skal vera skriftlege, og sendast til e-post sfvlpost@statsforvalteren.no.

Leverandøren er ansvarleg for at sendinga kjem fram innan fristen.

Tilbudet skal vere oppdragsgjevar i hende på innleveringsadresse før utløpet av tilbodsfristen. For seint innlevert tilbud vil bli avvist.

Tildeling vil skje innan ei veke etter tilbodsfristen. Kontrakt blir signert ei veke etter tildeling.

4.5 Tildeling av kontrakt

Leverandørar som har delteke i konkurransen vil få ei skriftleg tilbakemelding om kven oppdragsgjevar vil inngå kontrakt med.